

# Livet på nettet. Barn og unges bruk av internett.

Ingunn Hagen og Thomas Wold

Barn og unge har fått ein ny arena der dei lever sine liv. Barn av i dag er nesten alltid ”på”. Dei er i kontakt med og tilgjengelege for andre online, særleg gjennom aukande bruk av internett. Denne artikkelen skal omtala barns bruk av internett. I artikkelen skal vi ta for oss nokre mønster i barns bruk av internett, med utgangspunkt i internasjonal forskning og eit eige forskingsprosjekt som er i startgroppa. Vi skal til slutt diskutera kva kompetanse barn og unge treng for å handtera livet på nettet.

Internett er ein viktig ressurs for barn og unge i dag, særleg knytt til sosial kontakt og kommunikasjon. Dessutan kan nettet fungera som ei kjelde til informasjon og støtte for barn og unge på sentrale livsområde. Eit av områda nettet kan vera ein ressurs for barn og unge er knytt til mental helse. Samstundes er nettbruk risikabelt. Til dømes er digital mobbing eit veksende problem knytt til barns bruk av internett. Vidare kan barn gjennom Chat, sosiale nettsamfunn og søk på nettet komma i kontakt med både personar og innhald som kan vera urovekkande. Veit barn korleis dei skal handtera dette? Kva viss ein person dei møter på nettsamfunnet Nettby spør om namn, adresse og telefonnummer eller eit møte ansikt-til-ansikt?

## ”Internett i barns liv”

I forskingsprosjektet ”Internett i barns liv”, ei utforsking av betydninga av

Internettbruk for dei mellom barndom og ungdom (”tweens”), er formålet å utforska Internett-bruken til barn som er i overgangen mellom barndom og ungdom. Fokus er korleis barn i aldersgruppa 11-12 år meistrar å ta i bruk nettet som ressurs, og korleis dei handterer eventuelle problem og ubehagelege opplevingar på nettet. Vi utførte ei pilotstudie for prosjektet hausten 2009. Utgangspunktet for forskingsprosjektet er påpeikinga av at internettbruk startar stadig tidlegare og at 11-12-årsalderen no er tidpunktet barn tar internett aktivt i bruk på eiga hand. Mange barn har vore online allereie, ofte saman med foreldre, eldre søsken eller med venner. Likevel er 11-12-åringar som nybegynnara å rekna når det gjeld online erfaringar. Vi forventar at barn i denne aldersgruppa enno er famlande med å ta nettet i bruk. Truleg er dei også uerfarne med å handtera vanskar og ubehagelege

opplevingar dei eventuelt har på nettet.

Prosjektet spring ut av involveringa vår i EuKidsOnline, eit europeisk nettverk som har fokusert på internett som ressurs og som risiko for barn og unge ([www.lse.ac.uk/collections/EUKidsOnline/](http://www.lse.ac.uk/collections/EUKidsOnline/)). I rapportane frå EuKidsOnline kjem det fram at Norge er eit land som skårar høgt for barn og unges internettbruk, samstundes som barn og unge rapporterer at dei opplever stor grad av risiko (Staksrud, Livingstone, Haddon & Ólafsson, 2009; Hasebrink, Livingstone & Haddon, 2009). I sluttrapporten for EuKidsOnline I (Livingstone og Haddon, 2009) etterlyses forskning på korleis barn under 12 år vurderer nettsider, finn ut kva dei kan stola på, og handterer det som er problematisk eller verkar farleg.

## Mål: Forstå nye nettbrukarar

Målsettinga i det omtalte prosjektet er

å studera internettbruk for dei mellom barndom og ungdom med tanke på kva nettbruken betyr for denne aldersgruppa. Såkalla "tweens" er ei gruppe som har fått auka merksemd hos marknadsførarar dei siste tiåra (Buckingham & Tingstad, 2007). Vi er interessert i denne aldersgruppa fordi mange av 11-12 åringane er i startfasen med meir sjølvstendig internettbruk, og at dei dermed er særleg interessante med tanke på korleis dei meistrar utfordringane ved å ta i bruk nettet som ressurs, og korleis dei handterer eventuelle vanskar online.

I både den norske og internasjonale forskinga om barn og unges internettbruk, er kvalitativ forskning mangelvare (Livingstone og Haddon, 2009). Vi har derfor valt å gjera kvalitative intervju, både gruppeintervju (fokusgrupper) og individuelle intervju for å forstå 11-12-åringar sine begynnande nettvanar. Vi fokuserer på korleis dei tar nettet bruk som ein ressurs til ei rekke formål, korleis dei meistrar dette, og korleis dei handterer eventuelle vanskar dei møter på. I tillegg til intervju med dei unge sjølv har vi intervjuar lærarar. Seinare vil vi også intervjuar foreldre. Målet er å få fram variasjonar i oppleving og handtering av internett, og korleis barna kommuniserer med foreldre og lærarar om kva dei opplever på nettet.

Analysen av intervju med barn og unge i vår studie vil bli samanlikna med anna forskning på feltet. Dei viktigaste samanlikningsgrunnlag blir den norske Trygg Bruk-studien, som er ei survey-studie av barn i alderen 8-18 år sin bruk av internett (sjå t.d. Medietilsynet, 2008, relevant litteratur i databasen til EuKidsOnline (jf. Livingstone og Haddon, 2009)). Ei anna viktig kjelde blir oppfølginga av EuKidsOnline(I), som er ei større Europeisk survey-studie av barn og unge, kalla EuKidsOnline II. Her blir det lagt opp til ei samanliknande analyse av europeiske land. I tillegg vil vi dra parallellar til internasjonal forskning som fokuserer på barn og unges internettbruk (t.d. Itu, M., Bittanti, M., Horst, H. Boyd, D., Herr-Stephenson, B., Lange, P. G., Pascoe, C. J. & Robinson, L., 2008).

## **Rammeverk: Risiko og tryggleik knytt til barn og unges bruk av internett**

Etter kvart som internettbruk har blitt vanlegare og ein del av folks kvardagsliv har også spørsmål om konsekvensar og faremoment kome på dagsorden (jf. Bjørnstad & Ellingsen, 2002). Særleg har ein blitt meir oppmerksom på risikoar ved barn og unges internettbruk. Barn, unge og barnefamiliar er på topp når det gjeld å skaffa seg internett-tilknytning. I Noreg bruker 73 % av barn mellom 8-18 år internett dagleg, medan 95 % har vore på internett minst ein gong i løpet av ei veke (Medietilsynets Trygg Bruk-studie, 2008). For det meste er internett ein viktig ressurs for barn og unge, men dei kan også oppleve risiko eller negative erfaringar (Hagen & Wold, 2009).

EuKidsOnline-nettverket har kartlagt forskinga som er gjort på feltet barn og unges bruk av internett i 21 land og kva forskning som framleis trengs (sjå Staksrud, Livingstone, Haddon & Ólafsson, 2009; Hasebrink, Livingstone & Haddon, 2009; Livingstone & Haddon, 2009). Vidare undersøker ein kva risikoar som finst og kven som blir ramma. I nettverket har ein prøvd å gi svar på korleis ein skal respondera på risiko, til dømes i form av regulering, for å sikra barn og unge trygg bruk av internett. Målet var å kartlegga og samanlikna forskning for å gi informerte anbefalingar om barn og unges internett tryggleik, mediekompetanse og merksemd om risiko.

I EuKidsOnline-nettverket finn ein at det er særleg unge mellom 12 og 17 år som bruker internett. Men dette er i endring, ved at stadig yngre barn også tar i bruk nettet. Omgrepet "*ladder of online opportunities*" er viktig for å forstå unges bruk av internett. Det er gjerne slik at dei unge startar med å søka informasjon, spelar spel og kommunikasjon. Etter kvart blir dei meir erfarne brukarar som gjerne er med i sosiale nettverk og brukar nettet på meir kreative måtar, inkludert samfunnsdeltaking (Hagen & Wold, 2009). Det er slik at dess meir avansert og kompetent bruk, dess større farar og risikoar kan dei unge erfara, medan det er eit ope spørsmål om dei

samstundes blir flinkare til å handtere risiko. Vi kan snakka om ein risiko og mulighetsspiral. Utfordringane ved å skulla regulera eller avgrensa risikoen ved barns internettbruk, er at ein samstundes reduserer mulige bruk, og dermed innskrenkar barns rettigheitar knytt til IKT.

## **Innhald, kontakt og åtferd**

I EuKidsOnline har vi kategorisert risikoane og mulighetene etter tre hovudkategoriar: innhald, kontakt og åtferd (sjå t.d. Livingstone & Haddon, 2009; Hagen & Wold, 2009). Kategoriane er knytt til dei ulike risikoar og muligheter ved barn og unges bruk av internett og anna online media, og skal synleggjere korleis bruken av online media skil seg frå bruken av tradisjonelle media.

### "Innhald – barn som mottakar"

Dette refererer til den bruken av internett som liknar mest på bruken av tradisjonelle media, der éin sentral medieprodusent publiserar noko for massane. Dei fremste mulighetene her er informative og lærerike nettsider, nettsider som understøtter barn og unges samfunnsdeltaking og kreativitet. Risikoane her gjeld først og fremst valdeleg og pornografisk innhald, reklame og kommersiell utnytting, propaganda, rasisme eller anna hatefullt innhald, samt sider med falske helseråd og sider som oppfordrar til sjølvskading eller sjølv mord.

### "Kontakt – barn som deltakar"

Her er det snakk om barn og unge som deltakarar i ein interaktiv situasjon. Mulighetene her er utvikling og oppretthalding av sosiale relasjonar og nettverk, kontakt med andre med felles interesser, og at ein kan bli invitert eller inspirert til å delta i kreative prosessar. Risikoane dreier seg om sporing og lagring av personleg informasjon frå kommersielle aktørar, mobbing og trakassering, uønska seksuelle kommentarar, grooming, møte med framande, samt sjølvskading og uønska overtaling.

### "Åtferd – Barn som utøvar"

Her tenker vi i hovudsak på interaksjon der barn og unge sjølv tek initiativ eller er gjerningsmann. Mulighetene her

er sjølvinitierte eller samarbeidande formar for læring, samfunnsdeltaking, å lage og publisere eige materiale, og å uttrykke seg sjølv. Risikoane dreier seg om ulovleg nedlasting av til dømes musikk eller filmar, hacking, gambling, barn som mobbar eller trakasserar andre barn, barn som vidaresemdar eller publiserer seksuelt materiale, eller gir (usunne) råd om til dømes sjølv-mord, og pro-anorektisk Chat.

### Online muligheiter

Barn og unge er særleg opptekne av underhaldning, spel og moro som dei fremste muligheitene, men dei ser òg på internett som ein utdanningsmessig ressurs. Ikkje overraskande legg foreldre i mykje større grad enn barna vekt på tilgang til global informasjon og bruken av internett som ein utdanningsmessig ressurs. Foreldre har ein tendens til å undervurdere kor viktig internett er for barnas sosiale relasjonar og underhaldning, medan det i fleire land, mellom anna Noreg, er tydeleg at sosiale nettverk og deling av opplevingar er ein viktig del av barn og unges nettbruk (sjå Hagen & Wold, 2009).

At foreldre vurderar sine barns aktivitetar ut i frå eit pedagogisk perspektiv er ikkje noko nytt. Ei heller at foreldre har ein tendens til å nedvurdere leik som dei ikkje ser som ei førebuing til vaksenlivet. Dette er nok ein medverkande årsak til at foreldre og barn vurderer dataspel så ulikt. Då er det interessant å notera at ut i frå funn frå England kan det sjå ut som om barn og ungdom klatrar på ein muligheitsstige i sin bruk av digitale media. Dei startar med enkel informasjonssøking, går vidare til spel og kommunikasjon (e-post), så eit steg vidare til meir interaktive former for kommunikasjon, før dei tek til med kreative og samfunnsdeltakande aktivitetar (Livingstone & Helsper, 2007).

Sett i lys av dette er kommunikasjon og spel ikkje berre (bortkasta) tidtrøyte, men noko som motiverer barn og unge til å ta steget mot meir "godkjende" aktivitetar. I eit forskingsprosjekt ved eit norsk bibliotek såg bibliotekarane på barn og unges bruk av spel og Chat





på biblioteket som noko som gjorde dei kjende med datamaskinen og biblioteket generelt (Wold, 2008). Dette er eit godt døme på korleis tradisjonelle institusjonar, som biblioteket, ikkje blir erstatta av nye media: dei nye media blir heller ein del av bibliotekets totale tilbod.

### Online risiko

I kartlegginga av risiko i europeiske land, var fylgjande dei mest utbredde, i rangert rekkefølge: 1. Gi ut personleg informasjon. 2. Pornografi. 3. Hatefullt eller voldeleg materiale. 4. Mobbing, trakassering, forfølgning. 5. Uønska seksuelle kommentarar. 6. Møte online-kontaktar offline. (Livingstone & Haddon, 2009).

Heile 38 prosent av 8-18-åringane har vorte spurt om personleg informasjon, som bilde, telefonnummer, adresse eller liknande på internett, av personar dei ikkje kjenner. Dei over 13 år er meir tilbøyeleg til å leggje ut slik informasjon enn 8-12-åringane. Når ungdom vel å ikkje leggje ut informasjon om seg sjølv, seier dei det er fordi dei er redde for å bli kontakta av framande, at de ikkje veit kven som kan koma til å bruke informasjonen og at dei er redde for virus. 40 prosent oppgjer som årsak at dei har lært om trygg bruk av internett, ei auke frå 10 prosent i 2003 (Medietilsynet, 2008).

Jenter blir i større grad enn gutar spurt om personleg informasjon online, men er varsame med å gi ut dette til framande. Dei fleste barn og unge ser ut til å ha lært seg ein digital variant av regelen om ikkje å snakke med framande. Samtidig ser vi også at mange barn og unge ønskjer å eksponera seg sjølv, og i den offentlege debatten uttrykkast det ofte ei bekymring om at mange barn og unge ikkje har oversikt over mulige konsekvensar av å leggje ut bilde eller anna personleg informasjon om seg sjølv eller andre (Medietilsynet 2008). Mange kommersielle aktørar nyttar gjerne barn sine manglande kompetanse til å få personleg informasjon om barn og unge som dei seinare kan bruka i meir målretta marknadsføring overfor barna (jf. Hagen & Wold, 2009).

I ei undersøking frå Redd Barna

kjem det fram at dei som konstruerer eigne heimesider på nettet, ofte legg ut mykje personleg informasjon her, som bilde, fullt namn, heimeadresse og telefonnummer. Dei lager heimesidene for venene sine, dermed opplever dei sidene som private, sjølv om dei ikkje er det. Nokre beskyttar heimesidene med passord og følar seg trygge, men samstundes så deler dei ut passorda til mange personar, så det kan vere snakk om ei falsk kjensle av tryggleik (Aas-Hansen, 2007). Dette kan tyde på at mange barn og unge ikkje klarer å skilje mellom kva som er privat og kva som er offentleg tilgjengeleg på internett. Dette gjeld nok særleg yngre nettbrukarar.

Det å sjå på porno er mest utbreidd blant eldre gutar. 48 prosent av gutane og 17 prosent av jentene seier dei har oppsøkt pornosider, medan 6 prosent av dei yngste seier dei har gjort dette. Gutane på 17-18 år seier og i større grad at dei oppsøkte porno aktivt, medan dei andre gruppene i større grad seier dei kom inn på ei pornoside tilfeldig etter å ha skreve feil adresse eller klikka på ein link på ei anna side. 43 prosent seier at dei ikkje tenkte så mykje på det etter å ha vore innoom ei pornoside, mens 9 prosent seier det var ubehageleg. Berre eit fåtal fortalte om det til nokon av foreldra eller til søsken (Medietilsynet, 2008).

42 prosent av ungdommane har tilfeldig kome inn på nettsider med voldeleg materiale, medan 25 prosent har oppsøkt dette aktivt. Berre 4 prosent oppgjev at dei fortalte om besøket til ein vaksen (Medietilsynet, 2008). I Europa sett under eitt er det ein klar tendens til at gutar i større grad enn jenter søker opp støytande, voldeleg eller pornografisk innhald, og blir sendt lenker til pornografiske nettsider. Jenter derimot, blir i større grad enn gutar oppskaka av støytande, voldeleg og pornografisk innhald (Livingstone & Haddon, 2009).

40 prosent av barn og unge i 8-18-årsalderen har tilfeldig komme over nettsider med hatefullt innhald, medan 22 prosent har oppsøkt dei aktivt. Det er fleire eldre ungdommar som gjer dette. 28 prosent syntes det var ei ubehagelig oppleving. Likevel var

det berre 4 prosent som fortalte om det til ein vaksen, medan 18 prosent fortalte det til ein venn. Den vanlegaste strategien når ungdommane kjem inn på sider med hatefullt innhald, er ikkje å gjere noko med det (34prosent) eller å ikkje gå tilbake til den aktuelle sida (22 prosent). Svært få oppgjev at dei syntes det var kult eller at dei var samd i innhaldet (Medietilsynet, 2008).

Jenteroggutarerlikeutsettefordigital mobbing og trakassering (Livingstone & Haddon, 2009). 15 prosent har mottatt meldingar på internett som har plaga og erta dei, medan 14 prosent innrømmer å ha sendt slike meldingar sjølv. Begge deler er eit fenomen som aukar med alderen (Medietilsynet, 2008). Først og fremst er dette eit teikn på at tradisjonelle aktivitetar frå skulegarden vidareførast digitalt, men den digitale mobbinga byr også på nokre nye aspekt, som er 1) bruken av audiovisuelt materiale i mobbinga, 2) auka muligheter for anonymitet for dei som mobbar, 3) nye muligheter for å dokumentere mobbinga, 4) nye formar for sosial ekskludering i form av digital isolering, og paradoksalt nok, 5) muligheter for ei mobbing som er meir offentleg synleg, og 6) muligheter for ei mobbing som er mindre synleg for foreldre, lærarar og andre vaksne (Staksrud, 2008; Brandtzæg, Staksrud, Hagen & Wold, 2009).

27 prosent av barn og unge oppgjev at dei har mottatt uønska seksuelle kommentarar. Dette gjeld halvparten av 17-18-åringane, men berre eit fåtal av dei under 12 år. 18 prosent har fått tilsendt pornobilete av personar dei berre har møtt på nettet (Medietilsynet, 2008). Det er verdt å merke seg at dei fleste barn og unge ikkje ønskjer seg en seksuelt lada Chat, dei er vanlegvis meir interessert i å chatte om interesser, hobbyar og vennerelasjonar (Hagen & Wold, 2009)

Chat aukar med alderen. Då er det interessant å merke seg at chatting med ukjente er ein aktivitet det blir mindre av med alderen (jf. Dunkels, 2007). Mange unge oppfattar dette som ein nybyrjaraktivitet. Av de som har møtt nokon har 9 prosent opplevd at personen er ein vaksen i staden for

eit barn som vedkommande opphavleg presenterte seg som. Ein prosent av dei som har møtt nokon, eller 1300 barn, seier at dei opplevde noko ubehageleg eller at dei fysisk vart skada. Mange tek sine forholdsreglar: 6 av 10 seier at dei har med seg nokon på det første møtet, så dei ikkje går aleine. Dei under 12 år tek med seg far, mor eller søsken, dei litt eldre tek i større grad med seg ein ven (Medietilsynet, 2008).

### **Kva veit foreldra?**

”Helt fjernt å henvende seg til foreldrene” om internett, seier ungdommane (13-15 år) som Henriette Levang (2008) intervjuar om internettbruk. I ei anna studie, seier størsteparten av ungdommane at foreldra deira ikkje veit noko som helst om kva det gjer på heimesidene, og at dei aldri ville vise fram sidene til foreldra. Mange foreldre veit ikkje eingong gong at barna deira har eigne heimesider (Aas-Hansen, 2007). Det er ikkje noko nytt at barn og unge kan ønske å halde visse ting hemmelig for foreldra. Det hadde likevel vore ønskeleg at foreldra visste meir om barn deira sin mediebruk, ettersom det er i heimen barna møter flest digitale risikoar (Hagen & Wold, 2009). Auka kunnskap vil truleg også minka dei moralske panikkane som iblant dukkar opp når det er snakk om barn og unges bruk av media.

### **Konklusjon**

Eit funn som går igjen er at eldre tenåringar møtar fleire risikoar online enn kva dei yngre tenåringane gjer. Samtidig aukar ferdigheitene med alderen. Det kan synast som om auka ferdigheiter kan auke evna til å beskytte seg sjølv frå risiko, men funna her er ikkje eintydige. Vi veit ikkje så mykje om barn og unges evne til å hanskas med digitale risikoar Når barn blir eldre, blir dei digitale ferdigheitene betre, men det er ikkje gitt at betre ferdigheitar førar til at dei unngår risikoane (Staksrud, Livingstone, Haddon & Ólafsson, 2009). Diverre er det ikkje nok forskning på dette området til å kunne seie noko sikkert om kva strategiar frå foreldra som er mest effektive med tanke på å

gjere barn og unge mindre utsette for digitale risikoar. Funn frå Irland tyder på at meir reglar frå foreldra resulterer i mindre risiko, medan funn frå Polen tydar på det motsette. Funn frå England går i begge retningar (Hasebrink, Livingstone & Haddon, 2009).

Funn frå England viser ein høg positiv korrelasjon mellom mengda muligheiter og mengda risikoar online for barn i alderen 12-17 år. Nokre land rapporterar om høg bevisstheit om risiko blant unge, skjont det er ikkje sikkert at dette førar til at dei unngår risikoane (Livingstone & Haddon, 2009). Noko av forskingslitteraturen antyder at restriktive strategiar minkar risikoen, men dei reduserar også mulighetene (Livingstone & Helsper, 2007). Eit eksempel på ein strategi som ser ut til å redusere både risikoane og mulighetene er nettfiler; dataprogram som blokkerer tilgangen til ulike nettsider basert på nøkkelord som sex, vold, porno og så vidare. Buckingham (2007) skriv at mange skular i England bruk filterprogram som gjer nettsurfing til ei hinderløype. Han meiner at filtera framleis er grove og upålitelege, og viser til at elevane ofte klager på at filtera blokkerer tilgangen til nettsider som dei har legitim grunn til å besøke. Buckingham argumenterar for at bruk av filterprogram er eit ineffektivt tiltak og ein sjølv motsigande restriksjon på elevane sine evne til å leite etter informasjon og å kommunisere. Ei meir konstruktiv tilnærming kan vere å underrette elevane om dei potensielle risikoane, og gjere dei i stand til å regulere sin eigen nettbruk.

Dette er eit dilemma for oppdragarar og politikarar: auka muligheiter ser ut til å gje auka risiko, medan tiltak som skal minka risikoen ofte minkar mulighetene i same slengen. Avgrensa bruk er tryggare, men den er også avgrensa. Korleis kan vi minke risikoen utan å samstundes minke mulighetene? Ideelt sett vil vi tru at dei optimale strategiane for å redusere risiko er at foreldre samtalar med barna sine og at dei i større grad deltar i barnas medieaktivitetar, samt ein auka mediekompetanse (jf. Dunkels, 2007; O'Neill & Hagen, 2009). Imidlertid

manglar vi forskning til å kunne seie om så er tilfelle.

#### Referansar

- Aas-Hansen, Sunniva (2007). På nett med barna? Et hefte om barn og unges internettbruk. Redd Barna rapport nr. 1/2007. Tilgjengelig på [www.reddbarna.no/default.asp?V\\_ITEM\\_ID=9267](http://www.reddbarna.no/default.asp?V_ITEM_ID=9267)
- Bjørnstad, Taran L. & Ellingsen, T. (2002). Nettsvermere. En rapport om ungdom og Internett. Oslo: Statens Filmtilsyn, Rapport 1/2002
- Brandtzæg, P. Bac; Staksrud, E.; Hagen, I. & Wold, T. (2009). "Children's Experiences of cyberbullying and harassment when using different technological platforms," *Journal of Children and Media*, Vol. 3, Issue 4, November 2009, p. 349-365.
- Buckingham, D., (2007). *Beyond Technology. Children's learning in the age of digital culture*. Cambridge: Polity press.
- Buckingham, D. & Tingstad, V., (2007). *Consuming Children. Commercialisation and the Changing Construction of Childhood*. A project description. *Barn*, 2, 49-71.
- Dunkels, E., (2007). *Bridging the Distance. Children's Strategies on the Internet*. Ph.D.-avhandling, Umeå Universitet, Umeå.
- EuKidsOnline" (European Research on Cultural, Contextual and Risk Issues in Children's Safe Use of the Internet and New Media; sjå <http://www.eukidsonline.net>).
- Hagen, I. & Wold, T., (2009). *Mediegenerasjonen. Barn og Unge i det nye medielandskapet*. Oslo: Samlaget.
- Hasebrink, U., Livingstone, S., & Haddon, L. (2009). *Comparing children's online opportunities and risks across Europe: Cross-national comparisons for EU Kids Online*. London: EU Kids Online (Deliverable 3.2.). Second Edition.
- Itu, M., Bittanti, M., Horst, H. Boyd, D., Herr-Stephenson, B., Lange, P. G., Pascoe, C. J. & Robinson, L., (2008). *Living and Learning with New Media: Summary of Findings from the Digital Youth Project*. ([www.macfound.org](http://www.macfound.org))
- Levang, H., (2008). "Helt fjernt å henvende seg til foreldrene". Oppfatningar av foreldrerollen i internetthverdagen. Masteroppgåve. Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU
- Livingstone, S. & Haddon, L., (2009). *EuKidsOnline: Final Report*. ([www.eukidsonline.net](http://www.eukidsonline.net))
- Livingstone, S. og Helsper, E. J., (2007). *Gradations in digital inclusion: children, young people and the digital divide*. I: *New Media & Society* 9, no. 4-2007. S. 671-696
- Medietilsynet (2008). *Trygg bruk-undersøkelsen 2008. En kartlegging av 8 til 18-åringers bruk av digitale medier*. Medietilsynet, Fredrikstad.
- O'Neill, B. & Hagen, I. (2009). "Media Literacy". In: Livingstone, S. & L. Haddon (Eds.) *Kids Online: Opportunities and Risks for Children*. London: Policy Press. P. 229-241.
- Staksrud, E., Livingstone, S., Haddon, L. and Ólafsson, K. (2009). *What Do We Know About Children's Use of On ine Technologies. A Report on Data Availability and Research*

*Gaps in Europe*. Second Edition ([www.eukidsonline.net](http://www.eukidsonline.net)).

Staksrud, E., (2008). *Fairytale parenting: Contextual factors influencing children's online self-representation*. In K. Lundby (Ed.): *Digital Storytelling, Mediatized Stories: Self-representations in New Media*. New York: Peter Lang Publishing

Wold, T. (2008). *Tilsyn og tilretteleggelse: Kontroll av barn og unges internettbruk*. I: *Norsk medietidsskrift* nr. 2, 2008. Universitetsforlaget

Bilde: "Use your delusion" av Tom Erik Andersen, [post@prolog.no](mailto:post@prolog.no)



**Ingunn hagen** er professor ved Psykologisk institutt, NTNU. Ho har nyleg (2009) skrive boka "Mediegenerasjonen: Barn og unge i det nye medielandskapet", saman med Thomas Wold. Hagens faglege interessefelt er særleg knytt til medie- og kommunikasjonpsykologi. Nokre av forskingsfeltene hennar inkluderer publikums- og resepsjonsforskning, politisk kommunikasjon, konsum av populærkultur, barn og unges bruk av media og informasjonsteknologi, kommersialisering av barndommen, og barn og forbruk.



**Thomas Wold** er medievit og universitetslektor ved Psykologisk institutt, NTNU. Han har skrevet boken *Mediegenerasjonen, Barn og unge i det nye medielandskapet*, sammen med professor Ingunn Hagen. Han jobber med temaer knyttet til sosial mediebruk, barns bruk av nye medier, medier som ressurs og risiko, sensur, ideologi i populærkultur og normer i mediebruk.